

2018

Årsrapport for Sirdal sokneråd



Møtes med Sirkelstøtte om høytid i fjor juni 2018 vedtatt myndighets

Vedteke S-sak **014/2019**

Sirdal sokneråd 6. mars 2019

Rekneskapet for 2018 blir vedteke når det
ligg føre.



1. Organisasjon

A. Soknerådet si verksemd

Aud Ingrid Fidjeland – leiar
Gunnlaug Seland – nestleiar
Tor Arne Liland
Ingunn Berstad Tonstad
Hanne Birgitte Fodstad
May Bente Øksendal

Egil Netland, kommunen
Rolf Eriksen, sokneprest
1. vara: Einar Samslått
2. vara: Gerd Åshild Ueland
3.vara: Mari Halvorsen
4.vara: Turid Skregeli
5.vara: Erling Skaar

Saker

Soknerådet har i 2018 hatt 7 møter og handsama 48 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret, i Kvævemoen kapell, Kyrkjestova og Tonstadli. 31 saker har vore soknerådssaker og 17 har vore fellesrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått har vore mellom anna, arbeid med finansiering av nye kontorlokale, vedlikehald av kyrkjene, varmestyringsanlegg i Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje, gjennomføring av besøk frå misjonsprosjektet i Barcelona og ENØK-tiltak i kyrkjene.

Kyrkjeleg administrasjonsutval

Aud Ingrid Fidjeland
Hanne Fodstad
Tor Arne Liland

Kjetil Øygard Eidevik,
arbeidstakarrepresentant

Forhandlingsutval:

Gunnlaug Seland
May Bente Øksendal Ousdal
Henning Huseby Jansen/
Yngve Bjørn Søyland frå 15. mai

Gudstenesteutval

Anne Turid Solberg Garnica
Siv Olaug Lindeland Tonstad
Gunnlaug Seland
May Bente Øksendal Ousdal
Hanne Birgitte Fodstad
Kjetil Øygard Eidevik
Rolf Eriksen

Undervisnings- og konfirmantutval

Åslaug Karin Fidjeland
Laila Øksendal
Grete Hegre
Arnhild Bjørndal
Inger Solveig Høyland

Diakoniutval

Aud Ingrid Fidjeland
Tor Arne Liland
Erling Skaar
Ingunn Berstad Tonstad
Asta Lunde

Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd

May Bente Øksendal Ousdal
Sven Sandvik
Henning Huseby Jansen/
Yngve Bjørn Søyland frå 15. mai

KNkomité

Sven-Egil Testad
Inger Solveig Høyland

Kirkens SOS kontakt

Kent Seland

Syskenringen (frå kyrkjelyden)

Rolf Eriksen
Einar Samslått

Misjonsutval

Aud Ingrid Fidjeland
Brynhild Berg (til sommaren)
Sissel Agathe Bø (frå sommaren)
Henning Huseby Jansen/
Yngve Bjørn Søyland frå 15. mai

Redaksjonskomite Kyrkje og Kultur

Sven Egil Testad
Solbjørg Tjørhom
Lars Audun Fodstad
Henning Huseby Jansen/Yngve Bjørn
Søyland frå 15. mai

Kulturutval

Magnar Undheim
Astrid Tjørhom
Brynhild Berg
Ragnhild Barbro Josdal
Hanne Fodstad
Kjetil Øygard Eidevik

Haustkakfest Kvæven

Jenny Kristine Fidjeland
Asta Lunde
Anna Kvæven
Ester Tjørhom

Komite for julefest Kvæven

Bjørg Hilde Fidjeland
Grethe Hegre
Anders Tjørhom
Kjetil Øygard Eidevik
Rolf Eriksen

2. Personal

Mål for 2018:

- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet 4,22 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjeverje

100 % Organist

100 % Kyrkjelydsarbeidar


28 % Trusopplærar

57 % Kyrkjetenar

37 % Reinhaldar

Det meste av dette er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå staten via Kyrkjerådet og bispedømmerådet (trusopplæring). Organiststillinga har vore noko redusert også i 2018 (90%). Andre halvår har vi hatt ein kyrkjelydsarbeidar i 50% og det vil vera slik også første halvår 2019 (70%) og ein ny fast trusopplærar i 50% som begynte etter sommaren.

2018 har det vore nokre utskiftingar. Kyrkjetenaren i Haughom kapell slutta og stillinga har vore vakant frå sommaren. Tenesta har vært løyst ved bruk av timevikarar. Det blei tilsett ny kyrkjetenar i Tonstad kyrkje. Det har vore lite sjukmeldingar i staben, med unntak av ei lengre sjukmelding. Kyrkjeverjen slutta etter fleire år med mye god innsats, og det ble tilsett ny kyrkjeverje som begynte i midten av mai. I samband med ulike vikarbehov som har dukka opp i løpet av året, har både staben, tidlegare tilsette og frivillige også dette året gjort ein flott jobb for å halde ting i gang.



3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

A. Kyrkjene

Mål:

- Utbetring av rekkverk galleri Tonstad kyrkje vart ferdig i 2018.
- Utbetring av utvendig trapp Kvævemoen kapell er delvis ferdig.
- Anna vedlikehaldsarbeid

Det pågående vedlikehaldsarbeidet på kyrkjene har halde fram i 2018.

Rehabilitering av trapp ved Kvævemoen kapell har pågått frå mai-oktober. Det står framleis noko att. Til å utføre dette arbeidet, har Tom Johansen også dette året vore tilsett i ei mellombels deltidsstilling nokre månader, noko vi er svært glad for! Det er fleire trappar som må rehabiliterast.

Orgelet i Tonstad kyrkje skulle stemmast dette året. Det ble eit stort meirarbeid knytta til denne jobben, og med det ein del meirkostnader.

Det har vore utført vedlikehaldsarbeid på dei elektriske anlegga i kyrkjene og dei nye varmestyringsanlegga, meir enn det som vart planlagt.

Det ble starta ei forsøksordning med kontorplass for kyrkjeverja på Info-senteret på Kvæven i mai 2018. Dette er et positivt tilbod til innbyggjarane i Øvre Sirdal.

B. Gravplassane

Mål :

- *Legge til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sør gjande og andre som ferda der*

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram. Ivar Skreå har ansvaret. Frå vår ståstad er gjeldande ordning svært god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personal-ressursane på ein god måte. Pumpa til vatningsanlegget til Skeihaugen kyrkjegard gjekk sund på sommaren i den tida då det var svært tørt. Det gjekk to-tre dagar før ny var på plass, raskt handtert av Ivar Skreå. Montering av lys på Skeihaugen gravplass vart ferdig dette året, til stor glede for alle. Soknerådet brukte fondsmidler til denne investeringa.

Vi har også i 2018 fått fjerna ein del tre som var i vegen, særleg utanfor gjerdet på Skeihaugen kyrkjegard. Ei planlagt investering med montering av parklys på Skeihaugen kyrkjegard gjer gravplassen godt opplyst i mørketida, den har automatisk styring.

ASVO har også i år hatt ansvar for stell av legatgravene ved Skeihaugen, Lunde og Haugom kyrkjegard.

Jofrid Sinnes har i år stelt ei grav ved Kvævemoen kyrkjegard. Dette er ordningar som fungerer svært fint, og som vi er glade for.

Dei fleste gravstellatalane er basert på fond, mens nokre betaler inn gravstellet etter årleg faktura.

4. Verksemda - kyrkjelyd

Statistikk	2014	2015	2016	2017	2018
Gudstenester o.l.	71	72	74	74	74
Deltakarar	4627	4522	4986	4570	4256
Snitt pr gudsteneste	65,2	62,8	67,5	61,8	57,5
Dåp	16	19	15	14	15
Konfirmantar	23	17	27	19	14
Vigslar	8	5	1	6	2
Gravferder	11	16	14	14	18
Konsertar/musikkandaktar	11	8	8	10	8
Deltakarar	670	666	377	682	620

A.Gudstenesteliv

Både gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også i 2018 arbeidd med å få til ulike typar gudstenester, både i kyrkjene og i friluft. Talet på gudstenestedeltakarar gjekk noko ned i 2018, samanlikna med 2017. Det var 314 færre gudstenestedeltakarar i fjor enn året før. Dette kan ha samanheng med at det i 2017 var større konfirmantkull enn i 2018. Ser ein vekk frå dette, er tala nokså jamne dei siste åra. Elles kan ein fleire tilfeldigheiter inntrefte samtidig. Det er ikkje sjølv sagt at folk prioriterer gudstenesta på søndagar, og gudstenestearbeidet må difor ha stort fokus framover.



I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2018 vore arrangert mellom anna:

Årsfest og årsmøte var på Tonstad bedehus etter gudstenesta sundag 18.mars. Pizza stod på menyen, det var song av Sirdal Blandakor og konkurranse. Tone Marit Bjørnestad og Henning Huseby Jansen blei takka for svært god teneste i kyrkja gjennom fleire år. Stor takk til alle involverte for denne flotte årsfesten.

Friluftsgudsteneste på Kvinen Olsok 28 juli var ved ei nabohytte grunna bygging av ny turisthytte. Gudstenesta på Kvinen langfredag gjekk som planlagt. **Friluftsgudstenester** på Sandvand Kristi Himmelfartsdag og Kuli 2.pinsedag. Begge stadene var det tur etter gudstenesta.

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha kyrkjeturar i samband med gudstenester i kyrkjene. Det kjem ikkje alltid så mange på desse kyrkjeturane, men det er likevel eit fint tilbod til dei som vil og kan.

I **påska** blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Anne Margrethe Ree Sunde var påskeprest i Øvre Sirdal i år. Ho og familien hadde som vanleg base i Kvævemoen kapell. Anne Margrethe hadde mellom anna ansvar for andakten skjærtorsdag i Ålsheia, påskevandringa langfredag og familiesamlinga påskeaftan i kapellet. For tredje år på rad var det gudsteneste i kapellet 1. påskedag kl 11.00. Dette fungerte veldig bra også i 2018, med godt oppmøte. Det var mykje folk tilstades i Ålsheia og på familiesamlinga utafor kapellet.

Aktivitetsdagen på Kvævemoen påskeaftan blei ein flott dag, og det kjem stadig fleire til dette arrangementet. Dette ser ut til å vere ein tradisjon som har livets rett. Også andakten Hanne Fodstad heldt i samband med skirennet på Joddal påskeaftan, samlar mykje folk. Tore Haugom var også i 2018 andaktshaldar på Raubestøl og Rypekro på Øksendalsheia, og her var også oppmøtet som vanleg godt. Stor takk til både andaktshaldarar og påskeprest for innsatsen!



Haustagfestane samlar også mykje folk, og også i år kom det inn mykje pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom auksjonane etter gudstenestene.



B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioritærer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik er dirigent for **Tonstad barnekor**, utleidt frå SMoK. Dette er ei ordning vi er svært glad for å ha. Koret deltok på fleire gudstenester i kyrkja. Saman med Sirdal blandakor deltok dei på konserten i Kulturhuset saman med Maria Arredondo og Torstein Sødal, ei fantastisk flott framføring.

I tillegg framførde dei julespelet til julafstan på Sirdalsheimen veka før jul. Koret har eit stabilt medlemstal, med 18 medlemmer.

Cantarellene blei lagt ned i 2018, men vi er svært glad for å fått i stand eit anna kortilbod for dette alderstrinnet med koret **Sirdal Soul Children**. Det er May Tone Joddal som er dirigent for koret, som syng songar i Soul Children-sjangeren. Koret blei starta hausten 2017, og har no åtte faste medlemer. Målgruppa er 5.-10.klasse.

Anne Berit og Inger Solveig har ansvar for **babysong**. Vi er glad for at vi no har dette tilbodet igjen, sjølv om det førebels ikkje er så mange som nyttar det. **Barnekoret i Kvævemoen kapell** ligger nede fordi det ikkje har vore interesse.

Sirdal blandakor har hatt nok eit aktivt år med fleire konserter og songoppdrag. Mellom anna deltok de på konsert saman med Maria Arredondo, Torstein Sødal, og Tonstad barnekor, og «Vi syng jula inn» i Tonstad kyrkje like før jul.

Kora og alt dei bidreg med er særsviktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som fins!

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Lokal plan for trusopplæring

No er me godt i gong med å bruke trusopplæringsplanen som verktøy for arbeidet vårt. Me har auka antall trusopplæringstiltak mykje i løp av 2018. Anne Berit Frøysnes starta i 50% stilling som kyrkjelydsarbeider, og dette har vore ei god styrke av bemanninga. Anne Berit har hatt babysong på Tonstad annakvar veke hausten 2018. Ho prøvde og å starte opp babysong på Kvæven, men det var ikkje så mange aktuelle mødre og babyar no. Me prøver igjen neste haust.

Nye tiltak me har kome i gong med i 2018:

Sauessamling i kyrkjene for 3-åringar med utdeling av bok, fredagssamling med 6-åringar før haustagfesten der dei førebur seg til gudsteneste, invitasjon til fredags-samling og gudsteneste med utdeling av bok for 7-åringar og 9-åringar. Det har vore kjekke samlingar der me har brukt fredagane til å

førebu oss til drama og lesing på gudsteneste, me har laga, teikna og leika i lag.



I tillegg har vi hatt tårnagenthelg som før med greitt oppmøte. 4-åringane blei invitert til påskefest som før. Arbeidet med skulelaga går så det susar og på Sinnes skule er det 100% oppmøte omtrent kvar gong.



Nytt i haust er at me har sundagsskule på alle vanlege gudstenester i Tonstad kyrkje. Det har vore varierande oppmøte, men me er glad for å ha tilbodet, og det har blitt sett pris på av dåpsfamiliar. Her treng me fleire leiarar for å kunne halde fram me tilbodet.

Hallowenn er blitt eit populært tiltak som alternativ til Halloween-feiring den 31.okt. I år var det ca 120 påmeldte. Me har funnet eit konsept som fungerer fint der me startar i festsalen i kulturhuset med samling med andakt. Alle borna får bingobrett på veg inn, etter samlinga kan dei gå fritt rundt på ulike postar og skaffe seg klister til bingobretta. Det er ulike aktivitetar på postane. Hobbyaktivitetar, teikning, hoppeslott, hinderløype, nerf-pistol, hale på gris og fleire med. Når

bingobrettet er fullt kan dei hente seg pølse og fiske godtepose. Me har fått gode tilbakemeldingar på oppleget.

Tonstad Soul Children skifta namn til **Sirdal Soul Children** i haust. Dei legg no til rette for at elevar frå begge skulene kan vere med, og dei har øvingar annan kvar veke på Tonstad og Sinnes skule. I haust var dei på tur til Oslo og deltok på Soul Children festival. Det er fortsatt May Tone Josdal som er dirigent og leiar for koret.

Konfirmantar. I 2018 var det 14 konfirmantar i Tonstad kyrkje, og ingen i Øvre Sirdal. Me var på KonfAction i BØ for fyrste gong. Dette var ei stor og flott oppleving for både konfirmantar og leiarar. Ingve Nord-Varhaug og Inger Solveig reiste med dei. Skuleåret 2018-2019 er det 18 konfirmantar frå Tonstad skule og 2 frå Sinnes skule. Me har valt å ha all undervisning felles i år.



Trafo har hatt eit godt år med bra oppmøte og stort engasjement. Særleg hausthalvåret har det vore godt oppmøte på ca 25-30 kvar gong. Me kjøpte bordtennisbord på nyåret 2018, og det har me hatt svært mykje glede av. Me har hatt ulike turar både i nærmiljøet, og til Gautefall, Lyngdal, Ersdalstun og Evje. Det er ein kjekk og engasjert gjeng ungdommar og stabile vaksne medhjelparar. Me har framleis givarteneste retta inn mot trafo. Takk til trufaste givarar og stor takk til dei vaksne som gjer arbeidet. **Sprell levande** i Kvævemoen kapell har hatt nok eit godt år med 21 born frå 4 år og oppover. Det er seks samlinger kvart semester. Samlingane varer ein times tid, og inneholder både bibelforteljing, song, mat og aktivitetar. Arbeidet vert leia av Bjørg Hilde Fidjeland og Birgitta og Anders Tjørhom. Dei gjer ein fantastisk innsats.

D. Givarteneste

Totalt kom det inn 13.000 kr på givarteneste i 2018, ein god nedgang frå året før (61.000 kr i 2016, 18.700 kr i 2017). Det meste av nedgangen i 2017 skuldast at vi i 2016 hadde innsamling også til nytt piano i Tonstad kyrkje. Givartenesta til TRAFO var i 2016 på om lag 20.000.

E. Diakoni og misjon

Mål for perioden

- At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.
- Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane
- Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd

Misjon/internasjonalt engasjement

Kyrkjelyden støtter to ulike misjonsprosjekt, og soknerådet vedtok hausten 2017 å støtte desse to prosjekta i ein ny femårsperiode. Det eine prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i Ecuador er eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støtter også Centro Creer.

Det andre prosjektet er eit arbeid NMS driv blant nordafrikanske immigrantar i Spania. Soknerådet inviterte sentrale personar i dette prosjektet til Sirdal. Besøket fann stad 7-10. juni 2018. Gjestane tok del i gudstenesta og informerte om prosjektet. Under gudstenesta vart avtalen med NMS ved Sverre Jakobsen, regional representant, fornya. Besøket blei inspirerande og givande for mange. Fredag var dei på bedehuset saman med Sirdal blandakor, som song. Dei fortalte frå arbeidet på sentret. Gjestane fekk sjå seg om i kommunen. Laurdag var dei bl.a. på sightseeing oppover dalen med stopp på Fjellmuseet og ein tur innom Kvævemoen kapell, før turen gjekk vidare mot Lysebotn, der dei saman med fleire andre åt middag på Ørneredet. Gjestane frå Barcelona var overveld av den flotte naturen og velkomsten dei fekk. Reisa for gjestane var støtta av bispedømmet.



Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Det kom inn omtrent det same på fasteaksjonen dette året som året før.

Diakoni og eldrearbeid

I september var det igjen Tro og Lys-gudsteneste i Tonstad kyrkje. Dette er ein årleg tradisjon, der diakoniutvalet tek ansvar for å stelle i stand fest på kulturhuset i forkant av gudstenesta. Dei siste åra har Tonstad barnekor vore med på desse gudstenestene, noko som vert satt stor pris på. Desse familie-gudstenestene er opne for alle.

Diakoniutvalet delte også i 2018 ut ei gåve til alle jubilantar som fylte 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år. Dei får anten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar. Mange set stor pris på denne helsinga.

Mange set øg pris på den årlege tradisjonen med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til



gudstenesta i Tonstad kyrkje og middag etterpå. Mange 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering. Også lærar Tore Haugom var med på markeringa i gudstenesta.

Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka. Arbeidsgruppa organiserer fast spalta «Miljøtipset» til bladet Kyrkje og kultur.

F. Kultur

Kulturutvalet held fram med å arrangere ein **kulturveld** kvart semester. I år inviterte dei Tom Hetland som talte om «folkekyrkja si rolle i det moderne samfunnet» i april i Kulturhuset. Song av Sirdal blandakor. Det samla veldig mange. Ivar Skipervold tala også i Kulturhuset om «Tro møter tro». Om kristen tro i møte med annen tro. Skipervold talte og song viser. I 2016 blei han vinnar av Brobyggerprisen. Det var stor glede over at Skipervold kunne komme til Sirdal og dele av sine erfaringar.



Kyrkjelyden var også i år godt synleg under **Energifestivalen** (tidligare Suppefestivalen) i Sirdal, som gjekk av stabelen i juni. Det var stand i hagen ved Kyrkjesenteret, eit svært banner med bibelforteljingar frå skapinga til den nye himmel og den nye jord, og

sjølvsagt servering kaffi, saft og vaflar. Det blei ein flott dag, og stor takk til frivillige.

G. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjessamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er framleis eit viktig samarbeidsorgan. Sprell levande-samlinga som bruker å vere på Eliastunet i mai, måtte flytte inn på bedehuset på grunn av veret. Men her fekk mange med seg ei flott samling. Desse samlingane er noko ein vil halde fram med ved slutten av vårsemesteret, som ei felles avslutning før sommaren.
2. påskedag i Haugom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegrannutenning på Eliastunet, og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også godt innarbeida samlingar som held fram.

H. Samarbeid med skule og barnehage

Til saman har det vore 7 besøk av barnehage og skule utanom gudstenester. 5.klasse ved begge skulane har fått utdelt nytestamentet Godt nytt og Inger Solveig Høyland har halde kurset «Vandring gjennom Bibelen» med dei. Dette har skapt stor begeistring i klassane, og dei gler seg verkeleg til desse timane. 4. klassingane vart invitert til Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje for å sjekke ut kyrkjerommet.

3-5 åringane var før jul dette året med på julevandring i Tonstad kyrkje. I Kvævemoen kapell var det barn og tilsette frå barnehagane som fortalte juleevangeliet.

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp.

I. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nr også i 2018. Det kjem gode tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med kulturkontoret i kommunen. Ein kunne ønske seg høgare besøkstal på nettsida www.sirdal.kyrkja.no, men manglande oppdateringar må ta noko av skulda for at tala ikkje er så høge. Me inngjekk ein ny avtale om leverandør av nettsida i 2018. Staben har vore på kurs og har jobba for å lære seg det som er nytt. No er det blitt meir vanlig at ein legg hendingar ut på facebook, det viser seg å vere ein god måte å nå folk på. Staben freistar å oppdatere sida jamleg, men dverre går det i periodar for lang tid mellom oppdateringane på nyhende. Den statiske informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv, skal i alle høve vere oppdatert. Facebooksida til kyrkjelyden, som heiter www.facebook.com/kyrkjaisirdal, er også ein god informasjonskanal. Men også den kunne nok vore oppdatert oftare. Dess fleire som trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjøre det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Gjennom facebooksida når vi ut til nye grupper. Men for å gjøre det, er vi altså avhengig av at mange bidreg med å trykke «like», invitere og dele det som vert lagt ut på sida.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har Facebook lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal.

Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisar Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement. Ved større hendingar sender vi også pressemelding til NRK.

5. Rekneskap

6. Framtidsutsikter

Vi er svært glade for at rekruttering til ulike ledige stillinger har lukkast betre i 2017 og 2018 enn tidlegare. Denne positive utviklinga har halde fram også i byrjinga av 2018. Vi treng heilt klart mange frivillige i ulike oppgåver, men for å få involvert desse frivillige, trengs det nok hender i staben.

Sjølv om banda mellom staten og kyrkja er mykje lausare enn før, er det likevel endå mange band mellom kyrkje og stat, og ikkje minst mellom kyrkje og kommune. Mellom anna handlar dette om finansiering av kyrkja. Vi ventar spent på kva Stortinget vedtek i høve til finansieringa av Den norske kyrkja i framtida. Det er ulike tankar om dette både i det politiske miljøet og i kyrkja sjølv. Dei ulike modellane spenner frå status quo, til at staten overtek heile finansieringa. Det blir spanande å sjå kva løysing som blir valt.

Uansett kva som blir fasiten her, må vi som medlemmer i kyrkja belage oss på at vi må bidra meir sjølv. Fast givarteneste til ulike formål i kyrkja vil difor vere regelen heller enn unntaket framover.

Mange kyrkjelydar opplever markant nedgang i dåpstala. Særleg er det bekymringsfullt når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype barna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette her så langt, men det kan fort skje endringar både i dåpstala og talet på konfirmantar. Den beste måten å styrke kyrkjelyden på, er at alle som ønskjer at kyrkja framleis skal vere eit viktig lim i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å kome til gudsteneste og frimodige med å oppmuntre både barn og ungdomar til å ta del i trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.

Den beste måten å ta vare på noko, er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja.

I arbeidet med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 er dette viktige prioriteringar for soknerådet. Soknerådet har enno ikkje vedteke måla, dette då vedtaket om overføringer for drifta 2019 frå kommunen ikkje vart klart i desember, men fyrst i januar.

D. Mål for 2019-2022

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen og Haughom kyrkjegardar
- Få hensiktsmessige kontortilhøve for staben ved Kyrkjesenteret
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene
- Termofotografere el-anlegga i alle kyrkjene på nytt
- Installere supplerande varme i Haughom kapell
- Arbeide for god rekruttering til stillinger i kyrkja lokalt
- Gravplassane skal vere gode stadar å vere for sørgrjande og andre som ferdast der. Difor vil vi installere vatningsanlegg på dei to siste gravplassane og montere lys på Skeihaugen kyrkjegard

E. Prioriteringar 2019

- Arbeide vidare med nye kontorlokale
- Måling av tårnet på Tonstad kyrkje samt noko innvendig måling
- Feste benkar i Haughom kapell
- Utføre ettersyn av tak
- Termografering av el-anlegg i kyrkjene (Til saman vedlikehald på kyrkjene 155.000)
- Installere varmepumpe i Haughom kapell (200.000)
- Installere varmepumpe i Tonstad kyrkje (100.000)

